

# Forskrift om skulereglar og skuledemokrati i Strandaskulen

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Strand kommune x. [månad] 2024 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) §§ 10-5 og 10-7.

## § 1. Formål

Skulereglane skal medverke til at elevane ved Strandaskulen har eit trygt og godt skulemiljø, som skapar trivsel, inkludering og gir eit godt grunnlag for læring. Reglementet skal òg leggje til rette for at elevar og foreldre får vere med på å planlegge, gjennomføre og vurdere verksemda til skulen.

I alle saker som vert handsama etter dette reglementet, skal omsynet til barnet sitt beste ligge til grunn.

## § 2. Verkeområde

Reglementet gjeld for grunnskulane i Strand kommune.

Reglementet omfattar òg vaksenopplæringscenteret så langt det passar.

Reglementet gjeld i skuletida når skulane har ansvar for elevane. Det vil seie i timar og friminutt, men òg når elevane har undervisning andre stader enn på skulen sitt område, til dømes på leirskular og på andre turar i skulen sin regi. Også det som skjer i det digitale rommet omfattast av reglementet. Reglementet gjeld òg på skulevegen og i skuleskyssen. Hendingar utanfor skuletida, som set sitt preg på denne, kan òg omfattast av reglementet.

## § 3. Elevane sine rettar

Elevane har rett til å

- ha eit godt lærings- og skulemiljø
- bli høyrte og seie si meining
- bli behandla på ein ordentleg måte og bli vist respekt
- få ha sine eigendelar i fred

## § 4. Elevane sine plikter

Elevane har plikt til å

- bidra til å skape eit godt lærings- og skulemiljø
- behandle andre på ein ordentleg måte og vise andre respekt
- la andre sine eigendelar vere i fred

Skulen er ein lærings- og arbeidsplass for mange menneske, både barn, unge og vaksne, som saman har eit ansvar for å medverke til at både elevar og tilsette har eit godt arbeidsmiljø. Alle skal følge vanlege reglar i samfunnet, inkludert alminneleg god folkeskikk.

## *§ 5 Forventningar til føresette*

Dette forventes av føresette:

- Støttar opp om lærarane sin jobb
- Er ein god rollemodell som snakkar fint om skulen og medmenneske
- Er ein bidragsytar til eit godt skule- og læringsmiljø gjennom engasjement og initiativ

## *§ 6. Reglar for orden*

Elevane skal

- møte presist
- følgje skulen sine reglar for melding av fråvær
- møte førebudd til opplæringa
- ha med nødvendig utstyr
- gjere arbeid til rett tid og overhalde fristar
- halde orden

## *§ 7. Reglar for oppførsel*

Elevane skal vise alminneleg god oppførsel, inkludert

- vere til stades i opplæringa
- behandle, også på digitale medium, medelevane, tilsette og andre som elevane møter i skulekvardagen, med respekt uavhengig av kjønn, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsevne, seksuell orientering osv.
- bidra til eit godt skulemiljø
- bruke eit fint språk
- halde arbeidsro i timane
- rette seg etter beskjedar frå skulen sine tilsette
- ta godt vare på skulens eigendelar
- vise nettvett og følgje skulen sine reglar for bruk av mobiltelefonar, datamaskinar og digitalt utstyr
- følgje skulen sine regler for bruk av hjelpemidlar og spesialutstyr.

Oppførsel og handlingar som ikkje vert aksepterte:

- å mobbe eller på andre måtar krenke andre
- å utøve eller true med fysisk vald
- å jukse eller forsøke å jukse
- å bruke mobil utan at dette er avtalt med lærar
- å driva med forsøpling, hærverk eller tagging.
- å være borte frå skulen utan gyldig grunn
- å ha med, bruke eller vere påverka av alkohol, narkotika eller andre rusmiddel
- å røyke eller bruke tobakk/snus
- å ha med og/eller bruke farlege gjenstandar
- å bruke klede som heilt eller delvis dekkjer ansiktet

### *§ 8. Reaksjonar ved brot på reglane for orden og oppførsel*

Skulereglane er til for å verne om den einskilde elev og den einskilde sin rett til eit godt skulemiljø. Skulereglane skal òg sikre at eleven blir møtt på ein god måte og blir behandla ordentleg og rettferdig, dersom skulen må reagere. Dersom ein elev bryt reglane for god orden og oppførsel, skal skulen alltid handle med tanke på barnet sitt beste.

Barnekonvensjonen fastset at sakshandsaminga skal vere effektiv, barnevennleg og lett tilgjengeleg. Dette betyr at handsaminga av saka ikkje må ta for lang tid, det må nyttast eit språk som eleven kan forstå, og eleven må vere kjend med korleis saka skal handsamast.

Skulen skal alltid starte med ein samtale med eleven og sørgje for at eleven får snakke med nokon han/hun stoler på, i ein situasjon som blir opplevd som trygg. Skulen kan ikkje bruke andre reaksjonsformer enn dei som er fastsette her.

Strandaskulen vil nytte følgjande reaksjonar ved brot på reglane for orden og oppførsel:

1. anmerkning
2. skriftleg advarsel til elev
3. skriftleg melding til foreldre/føresette
4. pålegg om å utføre oppgåver før eller etter skuletid for å rette opp skader som eleven er ansvarleg for
5. bortvising frå undervisninga for ei opplæringsøkt, men ikkje meir enn to klokketimar
6. bortvising for resten av dagen
7. bortvising frå undervisninga for lengre tid enn resten av dagen – inntil tre dagar på 8.-10. årstrinn
8. midlertidig eller permanent skulebytte

Fysisk refsing og kollektiv straffing er ikkje tillate. Alle reaksjonar må vere slik at elevane kan forstå kva reglar som er brotne og kvifor skulen må reagere. Reaksjonane skal stå i rimeleg høve til brota i reglementet. Eleven skal om muleg bli gitt høve til å gjere opp for seg.

Eleven plikter å overhalde pålagte reaksjonar. Ved manglande overhaldelse kan eleven påleggast nye reaksjonar.

### *§ 9. Vurdering av elevens orden og oppførsel*

Vurderinga i orden og oppførsel skal gjerast ut frå reglane om orden og oppførsel i dette reglementet. Eleven sin orden og oppførsel kan ikkje vurderast ut frå andre vurderingsgrunnlag enn dette.

Karakterane i orden og oppførsel vil som hovudprinsipp bli sett ned ved gjentatte brot på ein eller fleire reglar. Karakterane kan òg settast ned ved enkelthendingar dersom det gjeld eit spesielt grovt brot på reglementet.

### *§ 10. Inndraging av gjenstandar*

Farlege og ulovlege gjenstandar kan beslagleggjast av skulen. Ulovlege gjenstandar skal overleverast til politiet. Andre beslaglagde gjenstandar blir overlevert til eleven sine føresette etter skuletid.

#### *§ 11. Melding av straffbare forhold*

Skulen vil normalt melde straffbare forhold til politiet. For mindre alvorlege forhold skal skulen foreta ei konkret vurdering av om melding er teneleg.

Eleven sine føresette skal så raskt som muleg bli varsla munnleg samstundes som politiet blir anmoda om bistand. Føresette skal uansett bli varsla skriftleg dersom det er søkt om politiet sin bistand. Dersom den fornærma er ein medelev/tilsett, avgjer den fornærma evt. føresette om forholdet skal meldast.

#### *§ 12. Erstatningsansvar*

Ved skade eller skadeverk på skulen sin eigedom eller utstyr kan eleven og/eller eleven sine foreldre/føresette bli holdt erstatningsansvarlege. Det same gjeld ved tap av undervisningsmateriell.

Eleven kan bli gitt anledning til å utbetre skadane sjølv dersom dette er å sjå som teneleg.

#### *§ 13. Sakshandsaming ved bruk av reaksjonar*

Ved bruk av reaksjonar gjeld følgjande sakshandsamingsreglar:

- Skulen skal sørge for at avgjerda blir teken på eit forsvarleg grunnlag
- Eleven har rett til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda. Skulen skal sørge for at eleven får snakke med nokon hen stoler på, og i ein situasjon som blir opplevd som trygg.
- Avgjerda skal grunngjevast (ved avgjerd av særleg betyding skal grunngjevinga gis skriftleg)
- Før avgjerda om bortvising blir fatta, skal skulen ha vurdert om det er muleg å bruke andre reaksjonar eller hjelpetiltak
- Rektor avgjer om reaksjonane i § 7 nr. 4, 6 og 7 skal nyttast. Rektor eller den rektor delegerer det til avgjer om reaksjonane i § 7 nr. 1–3 og 5 skal nyttast. Kommunalsjef for opplæring avgjer om reaksjonane i § 7 nr. 8 skal nyttast.
- I alvorlege saker skal mindreårige foreldre/føresette varslast så langt det er mogleg. Før føresette blir varsla, skal eleven ha blitt høyrd i trygge omgjevnader.

Reaksjonane i § 7 nr. 6–8 er å anse som enkeltvedtak, og må i tillegg følge sakshandsamingsreglane for enkeltvedtak i forvaltningslova. Vedtaket kan klagast på av føresette etter forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er 3 veker frå det tidspunkt dei føresette har motteke enkeltvedtaket, jf. forvaltningslova § 29. Ein eventuell klage kan rettast til skulen som har fatta enkeltvedtaket. Dersom skulen ikkje gjer om vedtaket, vil klagen bli sendt til Statsforvalteren i Rogaland som er klageinstans.

#### *§ 14. Organisering av skuledemokrati*

På kvar grunnskule skal det vere eit foreldreråd der alle foreldre som har barn i skulen, er medlemmar.

På kvar skule skal det vere eit skulemiljøutval. I skulemiljøutvalet på grunnskulen skal elevane, foreldrerådet, dei tilsette, skuleleiinga og kommunen vere representerte. Skulemiljøutvalet skal vere sett saman slik at representantane for elevane og foreldra til saman er i fleirtal.

Elevrepresentantane skal ikkje vere til stades når saker som er omfatta av teieplikt blir handsama i skulemiljøutvalet på grunnskulen. Når elevane ikkje er til stades, skal foredrerepresentantane ha dobbel stemme tilsvarande bortfallet av elevrepresentantane sine stemmer, eller talet på foredrerepresentantar aukast tilsvarande.

Det skal være elevråd på alle grunnskular i samsvar med opplæringslova.

#### *§ 15. Iverksetjing*

Denne forskrifta tek til å gjelde frå x. [månad] 2024.